

* Matforsyning



Matproduksjon: Dei siste fire åra har sjølvforsyninga av norske jordbruksvarer gått kraftig ned. Korrigert for forimport er nivået det lågaste på over 20 år. Iføljje landbruksforskarar forklarar ringa må gjø eit løft i jordbruksoppjæret for å innfri måla til auka matproduksjon på norske ressursar.

Mindre av maten blir lagga

Dei siste fem åra har sjølvforsyningsgraden på jordbruksvarer gått ned med fem prosentpoeng. Svikten er størst på korn og storfe. Bondetoppane er bekymra.

Dei fire siste åra har sjølvforsyningsgraden på mat frå norsk jordbruk gått ned til eit nytt og lågare nivå enn åra før. Det viser nye utrekningar frå Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (Nifl).

I 2012 vart rundt 47 prosent av matforbruket dekt av varer frå norsk jordbruk. Det er på same nivå som året før, men ein nedgang på fem prosentpoeng frå perioden 2004 til 2008. Korrigert

for forimporten blei 40 prosent av matforbruket dekt av norske jordbruksråvarer, ein nedgang på seks prosentpoeng frå 2008.

Lågaste på over 20 år

Tidlegare utrekningar frå Nifl viser at ein her i landet må tilbake til åra 1989 og 1990 for å finne ein lågare sjølvforsyningsgrad basert på norsk for enn i for.

– Sjølvforsyningsgraden har gått ganske mykje ned dei siste

åra. Ei av hovudsakene til det er svikten i kornproduksjonen, der berre ein tredel av kornet var norsk i for, seier rådgjevar Mads Svennerud i Nifl.

Stadig meir av storfekjøttet er også importert. I for vart 83 prosent av forbruket dekt med norsk storfekjøtt, ned tre prosentpoeng frå året før. På andre store grupper jordbruksvarer har sjølvforsyninga vore meir stabil. For grønsaker, frukt og bær, meierivarer og ein del kjøttslag gjekk sjølvforsyninga svakt opp frå året før, men over tid har importerte varer vunne gradvis terreng.

– Ikvagrads spelar landbrukspolitikken inn?

– Det er veldig vanskeleg å seie,

men vèret og haustingsforholda kan nok forklare mesteparten av svingningane frå år til år. Dei siste åra har vore prega av dårleg vèr, noko som har gitt dårlege avlingar, seier Svennerud.

Eksport trekkjer opp

Blir også fisk rekna inn, aukar

sjølvforsyningsgraden med eitt prosentpoeng til 48 prosent.

– Årsaka til at endringa er så liten, er at fisk utgjør svært lite av matforbruket vårt målt i kaloriar, seier Svennerud.

I sjølvforsyningsstala er verken eksport av jordbruksvarer eller fisk rekna inn. Eksport av

MATFORSYNING

«Norge kan ikkje sove lenger i oljefatet. Vi må vakne, og vi må slutte å kjøpe mat ut av hendene til menneske som svelt.»

MERETE FURUBERG
LEIAR I NORSK BONDE- OG SMÅBRUKRLAG






Sjølvsforsyningsgrad

Kurva viser prosentdelen av engrosforbruket, rekna på energibasis, som er produsert i norsk jordbruk.

Kjelde: Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (Nifl)



avlingssvikt på særleg korn mykje av svingningane i sjølvsforsyningsgrad for enkelt år, som i 2002 og dei siste åra. Bondeorganisasjonane krev at regje-

FOTO: MARIANN TVEITE

av norske bønder

jordbruksvarer, der ost er ein viktig del, utgjer isolert ei på-
plussing på sjølvsforsyningsgra-
den med fire prosentpoeng til-
gje Nifl.

Blir også fiskeeksporten inklu-
dert, så reknar Nifl at norske bøn-
der og fiskerieringa til saman
kan dekke 89 prosent av matfor-
bruket målt i energi. Det føreset ei
storsilt omlegging av kosthaldet,
og at all mat som blir produsert i
Norge blir brukt innanlands. Ta-
let er ikkje korrigert for import av
fôr til oppdrettsfisk.

– Om importen av fôr til opp-
drettsfisk blir trekt frå, så vil
dekningsgraden bli betydeleg
lågare. Kor mykje veit vi ikkje.
Generelt er det mange usikre
faktorar rundt utrekninga av

tala for fisk. Det jobbar vi med
for å få sikrere tal, seier Sven-
nerud.

– Dramatisk og alarmerande
Bondeorganisasjonane seier seg
svært bekymra for nedgangen i
sjølvsforsyningsgraden.

– Nedgangen er dramatisk og
alarmerande. Regjeringa og fleir-
talet på Stortinget vedtok seimast
i fjor at matproduksjonen må au-
kast og at sjølvsforsyningsgraden
skal haldast oppe. Her ser vi at
det går feil veg, seier leiar Merete
Furuberg i Norsk Bonde- og Små-
brukarlag.

Ho seier kreftene som kjem-
per for stadig billigare mat
medverkar sterkt til at matim-
porten aukar. Sjølv om dårleg

vær verkar inn vil ho på langt
nær frikjenne landbrukspoli-
tikken.

– Klimaendringane får conse-
kvensar og her i landet, men det
bør snarare vere eit tilleggsva-
skul for at vi må gjere meir for å
auke matproduksjonen og bruke
jordressursane våre. Globalt fører
klimaendringar tørke og flaum til
at stadig meir jord ikkje lenger
kan brukast, men vi blir stadig
fleire folk på kloden. Norge kan
ikkje sove lenger i oljefatet. Vi må
vakne, og vi må slutte å kjøpe mat
ut av hendene til menneske som
svelt, seier Furuberg på telefon

frå Spania der ho er på general-
forsamlinga til småbrukarorga-
nisasjonen La Via Campesina
Europa.

Leiar Nils T. Bjørke i Norges
Bondeagseier nedgangen kjem av
ein kombinasjon av dårlege avlin-
gar og svak økonomi i jordbruket.

– Norge er eit av landa med lå-
gast sjølvsforsyningsgrad i verda.
Samtidig veks folketallet og klima-
et er ustabil. Det gjer oss sårbar.
Nedgangen er slik sett dramatisk.
Regjeringa har sjølv sett seg mål
om å halde oppe sjølvsforsyninga.
Vi bønder stiller gjerne opp, men
då må det bli lønsamt å produ-
serte meir mat. Vi treng eit skik-
keleg løft i jordbruksoppgjøret
om regjeringa skal klare nå måla
om meir mat på norske ressursar,
seier Bjørke.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nattene.no

Fakta

Sjølvsforsyninga i 2012

Storfe og mjølk:

- * **Produksjonen av storfekjøtt**
gjekk ned frå 81 millionar kilo i 2011
til 77 millionar kilo i 2012.
- * **Sjølvsforsyningsgraden** av norsk
storfekjøtt gjekk på same tid ned frå
86 % til 83 %.
- * **På konsummjølk**, fløyte og rømme
er sjølvsforsyningsgraden 100 %.
Voglnurt auka frå 90 % i 2011 til 94
% i 2012 medan ost auka frå 87 til
88 %.
- * **På smør** er sjølvsforsyninga i dei
føreløpige tala sett til 95 %, opp frå
87 %.



Lam og andre kjøttslag:

- * **Sjølvsforsyningsgraden** for lam
og sau var stabil på 94 % frå 2011
til 2012.
- * **På geit** og hest reknar Nifl 100 %
sjølvsforsyning. 99 % av fjørtekjøtt-
et var norsk begge år og 98 % av
svinekjøttet var norsk, opp frå 97 %
året før.



Grøntvarer:

- * **Sjølvsforsyningsgraden** på grøn-
saker auka frå 47 % i 2011 til 48 %
i 2012.
- * **På frukt** og bær auka sjølvsforsy-
ningsgraden frå 3 % til 4 %.
- * **65 %** av salet av ferske poteter var
frå Norge i 2012, opp frå 62 % året
før. På potetprodukt var norsk delen
uendra på 88 %, medan sjølvsfor-
syninga auka frå 91 % til 96 % på
potetnipsel.



Sjølvsforsyning

- * **47 %** av norsk matforbruk blei i
fjor dekt av varer frå norsk jordbruk.
Det er same nivå som året før, men
ned 5 prosentpoeng frå 2008.
- * **Korrigert for fôrimport** var
sjølvsforsyninga på 40 %, det lågaste
nivået på over 20 år.
- * **Regjeringa vedtok** i landbruks-
meldinga i fjor at matproduksjonen
skal aukast i takt med folketallet,
ein auka på 20 % på 20 år.
- * **Målet** er å halde sjølvsforsynings-
graden på rundt 50 % og at veksten
i størst mogleg grad skal skje på
norske ressursar.